



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



HANDLINGSPLAN 2013-2015

FOR SAMARBEIDET NEDRE-NORMANDIE – HORDALAND

INNLEIING

Regionrådet for Nedre-Normandie og Hordaland fylkeskommune signerte ein samarbeidsavtale den 29. november 1993. Sidan den gong har begge regionane styrka si oppslutning om samarbeidet ytterlegare. I denne samanheng stadfestar Nedre-Normandie og Hordaland si støtte til dei sterke historiske, kulturelle, maritime og marine banda som sameinar dei.

Dei to regionane er einige om å setje i verk den følgjande handlingsplanen for perioden 2013-2015. Den vil bli eit tillegg til den generelle samarbeidsavtalen som vil bli fornya i 2013.

- INSTITUSJONELLE BAND

Tiltak 1: Oppmuntre til utvekslingar og samarbeid mellom institusjonar i Nedre-Normandie og Hordaland, og betre informasjon og kommunikasjon kring våre samarbeidsprosjekt.

Tiltak 2: Feire 20-års jubileum for samarbeidet i 2013

- TEMA ØKONOMISK UTVIKLING, FORSKING OG INNOVASJON

Tiltak 1: Utskifte synspunkt på, og erfaringar med regionane sine apparat for verkemiddel med det formål å auke attraktiviteten og den økonomiske konkurransedyktigheita til dei to regionane.

Tiltak 2: Oppmuntre til og følgje opp utveksling av erfaring mellom aktørar innan forskning, innovasjon og entreprenørskap frå dei to regionane.

Tiltak 3: Oppmuntre til og følgje opp samarbeidsprosjekt innan økonomiske-, forskings- og innovasjonssektorar mellom verksemdar og institusjonar i begge regionar støtta gjennom dei europeiske strukturfonda (eller ekvivalent for Noreg) eller av Fransk-Norsk Forskingsstifting.

Tiltak 4: Utvikle vitskapleg samarbeid og innovasjon på det maritime feltet, innan fiske, marine ressursar og innan fornybar marin energi.

- TEMA UTDANNING OG YRKESOPPLÆRING

Tiltak 1: Styrke eksisterande partnerskap og oppmode til nye utvekslingar mellom utdannings-institusjonar frå Hordaland og Nedre-Normandie.

Tiltak 2: Oppmuntre til og støtte utveksling av lærarar, elevar og erfaring mellom utdanningsinstitusjonar - med eit særleg fokus på marine og maritime utdanningar, matfag og teknikk og industriell produksjon, og med eventuell støtte frå Europeiske program.

Tiltak 3: Utvikle høve for praksisutplassering i begge regionane.

Tiltak 4: Oppmuntre til bruk av utvekslingsprogram for lærarar (som t.d Comenius Regio), med eit særleg fokus på fråfallsproblematikken.

Tiltak 5: Utvikle utvekslingar mellom utdanningsaktørar knytt til virkemiddel som t.d. Ungt entreprenørskap og meisterskap for elevbedrifter.

Tiltak 6: Utvikle og sikre at opplegget kring «Hordalandsklassen» vert varig, samt jobbe for at programmet vert gjensidig gjennom å gjere opphald i Hordaland mogleg for elevar frå Nedre-Normandie.

TEMA KULTUR OG KULTURMINNE

Tiltak 1: Støtte og gjere synleg den ambulerande utstillinga *Meeting Point Wood*, i Nedre-Normandie fram til 2014 og i Hordaland frå 2013.

Tiltak 2: Utvikle og støtte ulike program for *Artists-in-Residence*. Støtte framvising av prosjekt frå slike program, særleg under festivalen *Les Boréales*

Tiltak 3: Støtte og gjere synleg utvekslingsprosjekt mellom festivalar i Nedre-Normandie og Hordaland; fortsatt støtte festivalen *Les Boréales*, med særleg fokus på artistar og kunstnarar frå Hordaland; samt oppmuntre til nye band mellom festivalar i dei to regionane.

Tiltak 4: Støtte felles produksjon av konsertprogram med musikarar frå Nedre-Normandie og Hordaland, i tillegg til andre felles kulturprosjekt – særleg i samband med 20-års jubileet for samarbeidet mellom dei to regionane.

Tiltak 5: Utvikle samarbeidet mellom kulturavdelingane i regions-/fylkesadministrasjonen, kulturinstitusjonar og -organisasjonar og kunstscolar i Nedre-Normandie og Hordaland.

Tiltak 6: Oppmuntre til utveksling av kunstverk og samlingar mellom kulturinstitusjonar i dei to regionane.

Tiltak 7: Styrke utvekslingar knytt til kulturarv, kulturminne og identitet; felles refleksjon knytt til formidling og verdsetting av fagkunnskap og handlingsbåren kunnskap.


Tiltak 8: Fremme institusjonelt samarbeid på feltet menneskerettar, det kollektive minne og fred.

For å understreke den sterke maritime karakteren til dei to regionane, vil dei marine og maritime aspekta bli gitt prioritet og vere ein tverrgåande dimensjon gjennom alle temaa nemnt ovanfor.

Begge regionane forpliktar seg med dette til, innafor sine respektive rammer for mynde, å gjere synlege, støtte og utvikle prosjekt innan dei områda som er spesifisert i denne handlingsplanen. Kvart år vil konkrete handlingar, arrangement og møte bli detaljert i ein årleg arbeidsplan.

Signert i Caen den

Mona Hellesnes
Fylkesvaraodførar i Hordaland



Laurent Beauvais
Regionspresident i Nedre-Normandie

